

Notat

Går til: Styret i Helse Vest
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 11.08.10
 Frå: Administrerende direktør
 Sakbehandlar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: AD si orientering - Rentebinding av lån til investeringar

Administrerende direktør si orientering pkt 4
Styresak 087/10 O

Styremøte 01.09. 2010

Bakgrunn


I møte den 14. desember 2005 under sak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" blei det gjort greie for prinsippa som blir lagt til grunn for vurdering om eventuell binding av renta på lån til investeringar.

I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det lagt opp til følgjande spreing av renta på lånevolumet:

- Ca 25 % av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen.

Kommentarar

Den flytande renta for andre halvår 2010 er fastsett til 2,76 %. Fastrenta pr. 1/7-2010 er sett til 2,68 % på 3 års binding, 3,03 % på 5 års binding og 3,8 % på 10 års binding. Utviklinga i fast og flytande rente på lån til investeringar kan illustrerast i følgjande diagram:



Fastrenta på investeringslån har ikkje vore lågare sidan ordninga vart etablert. Det er sjølvstendig usikkert korleis renta vil utvikle seg i åra som kjem. Renta for 10 års binding er høgare enn 5 års binding. Dette kan vere ein indikasjon på at det er forventet at renta vil stige på sikt.

Pr. 30/6-2010 er status lån som følgjer:

	Saldo før avdrag	Fordeling
Fastrentelån pr 30/06-10	1 359 864 197	61,7 %
Flytende rente pr. 30/6-10		
- Lån nr. III - 09 (Bergen) (konvertert 1/1-10)	214 019 806	9,7 %
- Lån nr. III - 10 (Bergen) (konvertert 1/1-10)	470 893 734	21,4 %
Byggelån - flytende rente	158 172 122	7,2 %
SUM lån	2 202 949 859	100,0 %

Det er to lån som det no er aktuelt å vurdere rentebinding på. For ikkje å komme i konflikt med finansstrategien om minst 25% flytande rente, er det i prinsippet berre lån nr. III-09 som kan konverterast til fastrentelån. Samtidig har Helse Vest driftskreditt med flytande rente. Denne utgjer netto kr 588 mill pr. 31/5-10 og vil stige til om lag kr 1,1 mrd ved årets slutt. (Netto driftskreditt er her uttrykt som trekk i Norges Bank på kr 1,305 mrd justert for innskot på konsernkonto i DnB NOR).

Forskjellen mellom fast og flytande rente på Helse Vest sine lån er illustrert i følgjande tabell:

Forskjell flytande vs fastrente	Lån 1	Lån 2	Lån 3	Lån 4	Lån 5	Lån 6	Lån 7	Lån 8
2006 - 1. halvår	-1 843 321	-398 490	-1 491 777	0	0	0	0	
2006 - 2. halvår	-867 762	-189 960	-712 090	0	0	0	0	
2007 - 1. halvår	458 135	94 379	354 297	-77 323	-609 267	0	0	
2007 - 2. halvår	2 009 867	428 202	1 609 876	40 974	323 072	0	0	
2008 - 1. halvår	2 949 314	631 380	2 377 519	114 540	903 746	0	0	
2008 - 2. halvår	3 959 907	850 724	3 208 874	194 089	1 532 520	334 083	844 731	
2009 - 1. halvår	1 875 660	401 986	1 518 971	41 392	327 080	-390 620	-988 335	1 196 006
2009 - 2. halvår	-2 829 121	-616 305	-2 333 232	-311 029	-2 459 781	-2 091 873	-5 296 460	-1 012 092
2010 - 1. halvår	-2 052 447	-448 957	-1 703 112	-250 229	-1 980 651	-1 783 022	-4 517 772	-664 573
SUM	3 660 233	752 959	2 829 325	-247 585	-1 963 282	-3 931 432	-9 957 837	-480 659
Total forskjell	-9 338 278							

Ved utgangen av 2009 var det ein positiv effekt på fast rente på kr 4 mill. Denne effekten er no spist opp og pr. 30/6-10 ein det ein negativ renteforskjell på kr 9,3 mill. Det må då takast omsyn til at den flytande renta 2. halvår 2009 og første halvår 2010 på hhv 2,07% og 2,52% har vore særdeles låg og at dette er eit nivå som ein ikkje kan gjere rekning med i tida framover.

Helse Vest har i avveginga mellom muligheita for kortsiktig gevinst og stabile føresetnader fram til no valt å binde renta på dei lån som er konverterte til langsiktig lån før 31/12-2009. Låna som blei konverterte pr. 1/1-2010 har hatt flytande rente 1. halvår 2010. Det vil alltid vere usikkerheit knytt til renteutviklinga framover. I første halvår av 2010 er flytande rente vesentleg lågare enn fastrenta. Denne forskjellen er no redusert i andre halvdel av 2010.

Etter ein samla vurdering av renteutviklinga har Helse Vest valt fastrente på 5 år frå og med 1/7-2010 på dei to låna som blei konverterte til langsiktig lån pr. 1/1-2010.

Administrerende direktør vil informere styret i Helse Vest om dei disposisjonane som blir gjort i samband med framtidig rentebinding.